

Fra: Kristin Geiring <kristin.geiring@kulturskoleradet.no>
Sendt: mandag 2. oktober 2023 15:24
Emne: VS: INNKALLING OG KUNNGJERING ÅRSMØTE NORSK KULTURSKOLERÅD VESTLAND OG VALKOMITEEN SITT SKRIV TIL MEDLEMMENE
Vedlegg: 2023 årsmøte Norsk kulturskoleråd Vestland - kunngjering og innkalling.pdf; 2023 frå valkomiteen til kommunane i Vestland.pdf; KULTUR OG OPPVEKST KONFERANSE 17.11 2023 KS Vestland og Norsk kulturskoleråd Vestland.pdf

Til:

Kommunane i Norsk kulturskoleråd Vestland for vidareending til leiinga ved nyvald ordførar, varaordførar, byrådsleder, kommunedirektør, kommunalsjef innan oppvekst og kultur. Samarbeidsparter i Vestland fylke

Me gratulerer nyvalde politikarar og nyttilsette innan administrativ leiing!

Påmeldingsfrist til årsmøte og konferanse er 15. oktober:

<https://bestilling.kulturskoleradet.no/arskonferanse-vestland-16-og-17-november-2023/>

NB! Vær rask med påmelding om de ynskjer hotellrom.

Sjå vedlagt skriv frå valkomiteen med **frist måndag 23.10 i høve forslag på kandidatar** til verv i Norsk kulturskoleråd Vestland.

TIL MEDLEMMENE – KOMMUNANE I VESTLAND FYLKE

Norsk kulturskoleråd Vestland har årsmøte og konferanse annakvart år. I år er årsmøtet torsdag 16. november med start kl.14.00 i Bergen.

Politisk plattform, organisasjonsendring, revidering av rammeplanen og «Fremtidens kulturskole» vert viktige tema i år.

Saker på årsmøtet vert tatt vidare til politisk og administrativ leiing i Norsk kulturskoleråd og lagt fram for Landstinget, oktober 2024.

Observatørar er velkomne til å ta del saman med delegatar frå kommunane. Sjå meir informasjon om årsmøtet i kunngjering og innkalling sendt 15. juni 2023.

TIL SAMARBEIDSPARTER OG MEDLEMMENE

Konferansen «Kultur og oppvekst hand i hand» fredag 17. november frå kl.08.30, er eit samarbeid mellom KS Vestland og Norsk kulturskoleråd Vestland.

I tråd med ynskjer frå medlemmene, har me fokus på døme frå ulike aktørar og innlegg som kan gje innspel til grep ein kan ta i eigen arbeidskvardag.

Me ser på kulturskulen som utviklingsaktør i kommunal samhandling og i samskaping med andre instansar i Vestland fylke.

Sjå førebels program i vedlegg og her:

<https://kulturskoleradet.no/extension/media/9481/orig/2023%20Kultur%20og%20oppvekst%20hand%20i%20hand.pdf>

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål eller treng bistand. Ha ei god veke!

Kopi: Kulturskulane i Vestland ved leiinga, fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland, valkomiteen i Norsk kulturskoleråd Vestland

Venleg helsing

Kristin H. Geiring

rådgjevar / kontaktperson for [Norsk kulturskoleråd Vestland](#)

Norsk kulturskoleråd / The Norwegian Council for Schools of Music and Performing Arts

telefon: (+47) 415 70 508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no /

<https://www.kulturskoleradet.no/>



Fra: Kristin Geiring

Sendt: torsdag 15. juni 2023 08:56

Emne: INNKALLING OG KUNNGJERING ÅRSMØTE NORSK KULTURSKOLERÅD VESTLAND OG VALKOMITEEN SITT SKRIV TIL MEDLEMMENE

Til medlemskommunane i Norsk kulturskoleråd Vestland for vidaresending til leiinga ved ordførar / byrådsleder, kommunedirektør, kommunalsjef innan oppvekst og kultur,

ÅRSMØTE

Me viser til vedlegg med kunngjering av og innkalling til årsmøte torsdag 16. november i Norsk kulturskoleråd Vestland for medlemskommunane i Vestland.

Påmeldingsfrist er 15. oktober: <https://bestilling.kulturskoleradet.no/arskonferanse-vestland-16-og-17-november-2023/>

Medlemskommunen oppnemner inntil fire delegatar med godkjende fullmakter til årsmøtet. Minst ein av desse bør være folkevald representant.

Signert fullmaktsskjema (sjå påmeldingssida) for delegatar frå kommunen vert sendt på e-post til underteikna ved påmelding.

VALKOMITEEN

Valkomiteen i Norsk kulturskoleråd Vestland ved leiar og underteikna tek i mot forslag til kandidatar til verv innan 24. august. Sjå vedlagt skriv.

ÅRSMØTEKONFERANSE FREDAG 17. NOVEMBER

Fredag 17. november vert det årsmøtekonferanse same stad som årsmøtet.

Norsk kulturskoleråd Vestland samarbeider i 2023 med KS Vestland. Programmet vert lagt ut hausten 2023.

Me har von om å sjå medlemmene og samarbeidspartar innan ulike sektorar for dialog og samhandling.

Sjå meir informasjon i påmeldinga: <https://bestilling.kulturskoleradet.no/arskonferanse-vestland-16-og-17-november-2023/>

Vedlegg:

- 2023 årsmøte Norsk kulturskoleråd Vestland - kunngjering og innkalling
- 2023 Norsk kulturskoleråd Vestland - saker frå medlemmane inkl styret si tilråding
- 2023 frå valkomiteen til medlemskommunane i Vestland

Kopi:

Kulturskulane i Vestland

Invitasjon observatørar årsmøtet og deltakarar på konferansen: Fylkespolitiske og - administrative myndigheiter, samarbeidande lag, organisasjonar og institusjonar.

Venleg helsing

Kristin H. Geiring

rådgjevar / kontaktperson for [Norsk kulturskoleråd Vestland](#)

Norsk kulturskoleråd / The Norwegian Council for Schools of Music and Performing Arts

telefon: (+47) 415 70 508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no /

<https://www.kulturskoleradet.no/>

